



Temakveld i Uskedal kyrkje komande tysdag kl. 19.00 med sokneprest Carsten Mrusek.

Temakvelden i vår vart avlyst grunna koronasituasjonen. No er vi klar for ny temakveld så sant ikkje nye restriksjonar set ein stoppar for det. Temakvelden har tittelen: Frå tysk katolisisme til norsk lutherdom ved Carsten Mrusek, sokneprest i soknene Uskedalen, Ænes og Åkra. Til opning vert det musikalsk innslag ved Uskedal Musikklag. Temakvelden er komande tysdag, 10. november, kl. 19.00.

Carstem Mrusek fortel til Uskedalen.no at det ikkje vert eit klassisk føredrag, men meir ei forteljing frå oppveksten i ein folkekyrkjeleg katolsk familie i Nordvest Tyskland. Han kjem inn på korleis han vurderte og fann ut av kallet til presteneste, om livet i ein jesuitt liknande religiøs orden.

Carsten Mrusek valde eit motto for si presteteneste og åndelege liv, nemleg hans tvil og kamp med Gud med bakgrunn i 1. Mosebok, 32, 23 - 33. Nokre teologiske spørsmål står sentralt. Det gjeld særleg forståinga av nattverden og presteembete.

Til slutt vil Carsten snakka om sabbatsåret han hadde i Brasil og vegen ut av den romersk - katolske kyrkja til oppstarten i Noreg med presteteneste i Den norske Kyrkja.

Uskedal Musikklag vil mellom anna framføra kjende salmetonar som O, store Gud, Navnet Jesus blekner aldri og Blott en dag. Frå repetoaret til Frerlsesarmeen tek musikklaget fram La frelsesfanen vaie.

Alle er velkomne til temakveld. Det vert ført frammøteliste og kyrkjebenkene er merka med skilt for å halda meteravstanden.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat/ Arkivbilete



Uskedal musikklag spelar religiøs musikk, mellom anna frå repetoaret til Frelsesarmeen.